



Fjord kommune

Plan og miljø

Mottakere:

Hofseth Aqua As	Kipervikgata 13	6003	Ålesund
Norconsult Norge As Avd	Webjørn Svendsen-gata 12	6150	ØRSTA
Ørsta			
Tafjord Kraft As	Postboks 1500	6025	Ålesund

Møtereferat

Vår ref.

24/1863/PLANNAVN-Tafjord, felt A,
GBN-37/218/302/41867922

Dato:

03.12.2024

Oppstartsmøte - endring av reguleringsplan for Tafjord skule

Stad	Kommunehuset i Stordal	Dato	25.11.2024
Referent	Daria Klymenko	Tidspunkt	11.00-12.30
Frammøtte	Frå tiltakshavar: Torkjell Døving, Ole Magnus Melchior Frå plankonsulent: Kristina Stendal Karlsen, Stine M Fiksdal Frå kommune: Elena Myklebust, Terje Systad (teams), Trond Alstadsæter, Hallgeir Hove	Fråverande	

Generell informasjon

Tafjord Kraft AS og Hofseth Aqua AS eig det gamle skulebygget i Tafjord (gbnr. 37/218). I tillegg til har kommunen vedteke å selje nærliggjande areal på ca 1000 m2 til Tafjord Kraft AS og Hofseth Aqua AS (gbnr. 37/226) i sak F-018/22. Tafjord skule har vore lagd ned sidan tidleg 2000-talet og i dag er privateigd. Bygget blir brukt som kontor-, trenings- og møtelokale for tilsette i Tafjord Kraft og Hofseth Aqua, samt leigd ut til lag og organisasjonar i samband med deira aktivitetar.

Tiltakshavaren ønskjer i utgangspunktet å etablere 7 enkle leilegheiter/ hyblar i tidlegare barnehage-fløyel, samt til å kunne utnytte resten av bygget til andre føremål som samlingslokale, konferansesal, lokale for idretts- og musikkaktivitetar, forretning, utsalg osv. Det vart sendt planinitiativ til kommunen 29.10.24 med ein førespurnad om oppstartsmøte.



Reguleringsendring Tafjord skule - forslag til planavgrensning

Norconsult

Frå tiltakshavaren:

- Det er ønskjeleg å gjennomføre ein planendring og legge til rette for fleksibel bruk av bygget.
- Ein ser for seg etablering av ca 7 hyblar for tilsette i den nord-vestlege delen av bygget.
- Det er allereie etablert naudsynt infrastruktur grunna tidlegare bruk av bygget som skule/ barnehage.
- Det er ikkje planlagt store terrengendringar utvendig, bortsett frå parkeringsområdet.
- Det er ønskjeleg å ta i bruk arealet på gbnr. 37/226 for parkeringsføremål ved større arrangementa og aktivitetar i framtida.
- Det er ønskjeleg med rettleiing og innspel til planprosessen frå administrasjon.

Frå kommunen:

- Store delar av tidlegare «barnehagen» er regulert i kommuneplanen til «*Boligområde*», mens resten av bygget til «*Offentlig bygning*».
- Dersom det er ønskjeleg med fleirbruk av bygget, kan ein legge til rette det gjennom kombinasjon av ulike arealføremål innanfor føremål «*Bebyggelse og anlegg*» (sjå sosi-kode mellom 1800 og 1900). Forslagsstillar bør kome med eit konkret forslag som er tilpassa ønska bruk.
- Tilkomst til ønska parkeringsområdet aust for skulebygget må ha ein gyldig tilkomst frå nord med eventuelt tinglyst vegrett.
- Vi oppmodar dykk til å vise korleis dykk vil jobbe med utforming av uteareal for både dei fastbuande og besøkande ved større arrangementa.
- Dersom ein har planar om å ferdigstille 7 bueiningar vil kravet til nærleikeplass tre inn (min. 200 m²). Sjå rettleiar til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Dersom ein legg opp til hyblar med felles inngang og felles opphaldsareal (kjøkken/ stue), vil ein ikkje kunne sjå på hyblar som eigne brukseiningar.
- Bruk av nærliggjande uteområdet skal ikkje vere i konflikt med eksisterande idrettsbane.
- Grunnforhold og behov for avklaring av reel rasfare for kvikkleira har vore avklart tidlegare når kommunen har gjennomført grunnundersøkinga i samband med planprosessen for Kommuneplanen sin arealdel. Sjå rapporten vedlagd.
- Sjå vedlagd uttale frå barn- og unges representant.
- Dersom ein ønskjer å gå vidare med endring av reguleringsplanprosess, må det varslast om planoppstart jf. pbl. § 12-8.
- Kommunen oppmodar forslagsstillaren sende ein oppdatert versjon av planinitiativ for konkret vurdering for varsel om planoppstart.

Send gjerne tilbakemelding og eventuelle endringar til møtereferatet seinast to veker etter mottaksdato av dokumentet.

Med helsing

Daria Klymenko
Kommuneplanleggar

Kopi til:
Elena Myklebust
Hallgeir Hove
Terje Systad
Trond Alstadsæter

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
1453505	52406981-RIG-R03_J01_Kvikkleireutredning Tafjord
1453513	oppslag---endeleg-versjon-19-mars-2018----leikeplassrad-2018---fylkesmannen-i-more-og-romsdal
1453571	Uttale frå barn- og unges representant, vedr. endring av reguleringsplan for Tafjord skule